


## VELKOMEN TIL SKREDESEMINAR I VÅGÅ 17. OG 18. OKTOBER

Seminar og kveldseto er i galleri Ullinsvin, Øvre Nordheradsvegen 4, 2680 Vågå

Arrangør: Mållaget Ivar Kleiven i samarbeid med Nordisk Institutt ved Høgskolen i Innlandet v/professor Ole Karlsen, Vågå historielag og Vågå bibliotek.



Figur 1 Galleri Ullinsvin (Bilde Kari HH)



Figur 2 Rangvald Skrede (Bilde Bjørn Skrede)sett

Ragnvald Skrede var ein gåverik lyrikar og kritikar frå Vågå. Han gav ut ei rekkje kritikaroste diktsamlingar, og opplevde både å få Kritikarprisen, Doblougprisen og Norsk kulturråd sin pris. Dikta hans har ein sterk undertone som ber preg av sterke

I galleriet er også haustutstillinga «Morten Krogvold sine utvalde»:

Morten Løberg: I Am Standing Here To See og Tone Beckman: Slik ser jeg.

kjensler og tøffe livserfaringar etter ein vanskeleg oppvekst. Skrede vart fødd i 1904 som den yngste av 7 sysken i ein heim som var prega av konflikter. Foreldra skilde lag da han var berre to år gammal, og Ragnvald og eine broren voks opp hos mora. Allereie tidleg i livet synt Ragnvald at han var gåverik. Han las mykje, og vart uteksaminert frå Elverum lærarskule i 1924 med framifrå resultat. Seinare studerte han både filosofi, gresk og latin medan han arbeidde som lærar og klokkar i Rauland og Vågå. Skrede arbeidde i mange år som kritikar, først i Verdens Gang og seinare i Dagbladet. Han var også medlem av juryen for Nordisk råds litteraturpris frå 1969, og sat eit par år som formann i Det litterære råd i Den norske forfatterforening.

**Påmelding til seminaret innan 13.10.2023 til Mållaget Ivar Kleiven v/Kari Hølmo Holen,**

E-post: kari@hholen.com – tlf. 90736129

### **Seminarkostnad:**

- Heile seminaret inkludert kveldseto kostar kr.800,-
- Seminar utan kveldseto kostar kr. 600,-, dagspris kr. 300,-.
- Studentar og skuleelevar går gratis på seminaret. (gjeld ikkje kveldseto).
- **Kveldseto-programmet kostar kr. 200,-. Billettsal på E-billett, Vågå kommune og ved inngangen**

## **PROGRAM FOR SKREDESEMINAR I VÅGÅ 17. OG 18. OKTOBER 2023**

Arrangør: Mållaget Ivar Kleiven i samarbeid med Høgskolen i Hedmark v/professor Ole Karlsen og Vågå historielag.

### **Tysdag 17. oktober**

#### **09.30 – 10.00: KAFFE**

10.00 – 10.15: Opning v/ordfører Harald Bjørndal og Kari Hølmo Holen, Mållaget Ivar Kleiven

10.15 – 11.00: Professor Jan Inge Sørbo, Høgskolen i Volda: Ragnvald Skrede i litteraturhistorisk sammenheng

#### **PAUSE**

11.15 – 11.45: Førstemanuensis Kristian Lødemel Sandberg, Høgskolen i Innlandet: «Når visdomssteinen er funnen». Visdomslitteratur som inngang til Skredes lyrikk

11.45 – 12.30: Professor Silje Solheim Karlsen, Universitetet i Tromsø: Ragnvald Skrede, idéen i mennesket – og kjærligheten.

#### **LUNSJ**

13.00 – 13.45: Professor Ingrid Nielsen, Universitetet i Stavanger: Drømmer, skrømt og syner i Ragnvald Skredes debutsamling *Det du ikkje veit* (1949).

13.45 – 14.30: Førstemanuensis Ingrid Skjerdal, Høgskolen i Innlandet: «No får eg ei røyst og kan syngje min song» - Retning, rytme og røyster i dikt av Skrede

#### **PAUSE**

14.45 – 15.30: Professor Ole Karlsen: «I ormegarden». Om den litterære ekfrasen

16.00 – 17.00: Besøk i Grindstugulego 7 i Vågåmo, der Ragnvald Skrede vart født. Seinare vart den kjøpt av Ola Martinus Høgåsen.

19.00: Kveldseto i Ullinsvin – samtale om Skrede og underhaldning v/Endre Skjåk m.fl. «Skredeplager: Bak dei siste blånar».

### **Onsdag 18. oktober**

09.30 – 10.30: Konservator Stein A. Hevrøy, Olav H. Hauge-senteret: «Då eg var ung / såg eg det få andre såg»: Om unge og eldre sjeler hos William Wordsworth, Olav H. Hauge og Ragnvald Skrede

10.45 – 11.30: Førstemanuensis Elin Stengrundet, Høgskolen på Vestlandet: «Menneska er vonde frå ungdomen av». Ungdom i Ragnvald Skredes forfatterskap

#### **KAFFE**

11.45 – 12.30: Professor Ole Karlsen, Høgskolen i Innlandet: Skredes sonettar

12.30 – 13.00: Avsluttande diskusjon

#### **LUNSJ**